



**Referat møte i Team Hardanger (TH)**  
20.09.2022, 1000 - 1400, Brakanes Hotel, Ulvik

**Møtte:**

Jan Tjosås, Kvam herad - leiar  
Mona Hellesnes, Ulvik herad  
Randi Rykkje, Ullensvang kommune  
Christel J. Kvamme, Næringshagen i Ullensvang  
Sigmund Vereide, Hardanger og Voss Næringshage  
Kostas Gagos, Hardanger og Voss Næringshage  
Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

**Sakliste**

**1. Rekrutteringsprosjekt for Hardanger**

Gjennomgang av prosjekt i Ullensvang v/Christel J. Kvamme.

Kva må til for å få nok rekruttering?

Bolig er fortsatt ein flaskehals. Utviklingen har ikkje vore stor nok til å møta behovet i regionen vår. Rett bolig, dvs regionen treng fleire, men også variasjon i boligtilbudet.

Desentralisert utdanning: unge voksne må kunne ta den utdanningen dei sjølve ønskjer. Kva behov ligg er det til desentraliserte utdanningar?

Hardangerrådet har utfordra TH til vera med å skriva prosjektplan på vegne av heile regionen til hovudprosjekt "Rekruttering". Forprosjektet er ferdig, og *rapport er vedlagt dette referatet*.

Derfor opprettar TH ei arbeidsgruppe til å utarbeida denne, som skal sjåast i samanheng med innsendt søknad (vedlegg). Så vil TH invitera Bård Sandal.

Arbeidsgruppa er:

Christel, Mona, Jan og Jostein.

**2. Kompetanse - Samarbeidsarena Hardanger-Voss**

Innspel på tema for lokalt møte i kompetanseforum Hardanger/Voss:

Vårt oppdrag er å melda inn behov og manglar i lokalt tilbod på vgs i regionen.

Forslag:

- Presentera utdanningsprosjektet i Ullensvang kommune
- Reiselivet etter pandemien - behov for arbeidskraft og kompetanse.

**3. Hardangerkonferansen 2022 - status førebuing**

Gjennomgang av program

**4. Status frå kvar kommune**

**Næringshagen i Ullensvang**

Straum er utfordring og gjer at næringslivet er stoppar opp, det er ei stor krise på gang.

Hardanger Hydrogen Hub er på trappene til å verta oppretta, og vil ha stor betydning for andre prosjekt i kommunen.

Boliden lyser ut mange jobbar

Har ei utdanning som skal starta i veke 42

## **Ulvik herad**

Hjeltnes gartneri har utvida, midt i straumkrise, 3000 m<sup>2</sup> og er store, også nasjonalt. Bruravik utvikling er midt i reguleringsplanarbeid, som skal leggast fram nær nyåret. Vil vera ei viktig etablering for heradet.

Under etablering: Book Hardanger - der er det godkjenningssmøte og stillingsutlysing. Det vert meir informasjon om dette på Bedriftskonferansen 29.09.2022 i Ulvik (vedlagt program i referatet). Kommunane Eidfjord og Ulvik har vore med i etablering av selskapet, som ellers er eit reint kommersielt firma. Alle bedrifter i heile Hardanger kan selga sine produkt gjennom denne kanalen. Det er ikkje medlemskap eller aksjonærkrav, men prosent av salg.

Oppstart av ny samfunnsdel i kommuneplan der alt dette er viktig.

## **Ullensvang kommune**

Bustad er ei stor utfordring for kommunen, særleg pga flodbølgeproblematikken, som og har konsekvensar for næringslivet

Jobbar med mogleg rehabilitering og oppgradering av dei allerede eksisterande kommunale bustadane.

Dei har erfaring at folk får tilbud om stillingar, men får ikkje bustad.

Arealplan stadig i arbeid, der tilrettelegging av bustad og nye næringsområder er eit fokusområdet.

## **Hardanger og Voss Næringshage**

Utdanningsprosjekt

Makersspace-prosjekt

Hjelper Eidfjord kommune med strategisk nærings

plan, og å få struktur på det nye havneselskapet. Alt skal vera på klart til sesongen 2023.

Det er kome nye bedrifter til, og nokon har ikkje overlevd covid.

## **Kvam herad**

Dei er ein stor entreprenørkommune, og veldig spente med kva som skjer vedrørende volum for nybygging, om mange prosjekt vert sett på vent vil næringa få utfordringar.

Fjellstrand hadde i 2021 eit godt år, og leverte i år sin nye elektriske hurtigbåt.

Kommunedelplan på Kvamskogen under arbeid. I den gamle planen er det rekkefølgekrav med å byggja fortau, før ein får byggja nye hytter. Det er målet å få endra dette.

Områdeplan for Øystese er under arbeid.

Masterplan Øystese 2060 - svært grundig arbeid frå privat gruppering.

Kvam herad er nr to på lista over kommunar med mest variert næringsliv av kommunar under 8500 inbyggjarar, det er positivt.

Næringsplan for Skarpen - fortvilande med overordna styresmakter med så lite ansvar for framdrift, og i tillegg lite samordna.

Snart får kommunen og alle vita kven som skal tegna den nye vidaregåande skulen - veldig spennande.

Kraftfond skal delast ut igjen, ny søknadsrunde 1. oktober.

## **5. Grøn region Indre Vestland - status**

Grundig gjennomgang i neste møte.

## **6. Innmeldte saker**

Ingen innmeldte saker